



## ØYRA SKULE

Møte: Møte i samarbeidsutvalet ( SU)

Til stades:

Else Lill Riise - rektor, Hanne Karlsen Wold - lærar, Hata Begic- repr. andre tilsette, Astrid

Velsvik L. Henriksen- lærar, Miriam Wiknes- leiar SU , Kjetil Mastad Vestergaard-

nestleiar SU ( fråværande), Kirsti Gaudestad – møtte som vara . Anne- Karin Espe Bae- repr.Volda  
kommune

Møtedato: 19.03.25	Møtetid frå-til 17.00-18.00	Stad: Småsporven, adm.avd.	Skrivar: Else Lill Riise
-----------------------	--------------------------------	-------------------------------	-----------------------------

### Sakliste

### Referat

<p>1. Informasjon kring økonomi/ressursar for neste skuleår</p>	<p>Rektor informerte om økonomi og prioriteringar for skuleåret 2025-26. Når tidleg innsats vart teken vekk frå budsjettet så vil det innebere at vi mistar ca. ei lærarstilling skuleåret 2025-26. Vi har likevel bra med ressursar for å stette krava kring lærarnorm.</p> <p>Vi ser samstundes at behovet for fleire tilsette som assistenter, fagarbeidarar og miljøretteleiarar er noko som ein treng meir ressursar til. Dette fordi det er ei auke av elevar som treng ekstra oppfølging på grunn av ulike utfordringar.</p> <p>Det som uroar mest er driftsbudsjettet som har endra seg lite dei siste åra. Vi kjenner på at skulebøker og lisensar som ein nyttar i undervisninga har vorte dyrare og vi har difor liten sjans til fornying.</p>
---	---

<p><b>2.</b> Nasjonale prøver haust 2024</p>	<p>Resultata frå årets prøver ser vi oss nøgde med. Ein trur at dette også har ein samanheng med god og systematisk førebuing til dei nasjonale prøvene.</p>
<p><b>3.</b> Ev.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ynskjer informasjon kring skulevegringsaker ved Øyra skule</li>   <li>- Korleis stettar vi tidleg innsats skuleåret 2025-26</li>   <li>- SFO tilbod</li>   <li>- Marknad</li> </ul>	<p>Skulefråvær er noko som vi har gode system for å følgje opp i Voldaskulen. Det er utarbeida gode rutinar for dette arbeidet. Vi brukar eit dokument som heiter: Når fråvær uroar oss. Saker kring skulevegring er likevel nokon av dei vanskligaste sakene vi arbeider med.</p> <p>Vi må løyse dette med dei ressursane vi har fått tildelt. Det var stilt spørsmål om det kom til å bli auke i søknadar om bistand til PPT. Dette får tida vise. God planlegging av korleis ein nyttar dei ressursane vi har fått tildelt er eit særskilt viktig arbeid for neste skuleår.</p> <p>FAU ved Øyra skule ynskjer å ta opp sak kring SFO tilbodet i Volda kommune og betaling i høve SFO tilbodet. Dersom det kjem eit høyringsforslag kring SFO tilbodet er det viktig at FAU svarer på det.</p> <p>Det er ynskjeleg med eit nytt SU møte , der Marknad ved Øyra skule skal vere eit tema. Ein prøvar å få til eit møte før sommaren.</p>

**Referent: Else Lill Riise, rektor Øyra skule**